



VEDTEKTER FOR FITJAR ARBEIDARPARTI

§1 Føremål

1. Fitjar Arbeidarparti skal arbeida for Arbeiderpartiet etter dei retningslinjene som partiet har lagt fram i program, vedtekter og vedtak.

§2 Oppbygging av organisasjonen

1. Medlemene i Fitjar Arbeidarparti utgjer kommunepartiet. Medlemsmøtet er kommunepartiet sitt høgaste organ mellom årsmøta.

§3 Årsmøtet

1. Til årsmøtet i Fitjar Arbeidarparti blir alle medlemene invitert med tale, framlegg- og røysterett.

Møtet skal kunngjerast minst tre veker på førehand. Årsmøtet handsamar årsmelding frå styret. Vidare skal rekneskap, innkomne framlegg og val i samsvar med kommunepartiet sine vedtekter handsamast.

2. Framlegg som medlemene ynskjer å ha handsama på årsmøtet, må vera styret i partiet i hende seinast to veker før årsmøtet.

3. Styremedlemene har ikkje røysterett på årsmøtet når ein handsamar årsmelding og rekneskap.

4. Det skal haldast omframnt årsmøte når medlemsmøtet ber om det eller 2/5 av medlemene ber om det. Omframnt årsmøte skal kunngjerast minst to veker på førehand. Møtet kan berre handsama dei saker som står på saklista når omframnt årsmøte vert kunngjort.

§4 Medlemsmøtet

1. Medlemsmøtet er høgaste myndighet i Fitjar Arbeidarparti mellom årsmøta. Det tar avgjerd i alle saker som ikkje er lagt til styret i partiet eller kommunestyregruppa.

2. Medlemsmøte skal haldast så ofte som styret vedtek det, kommunestyregruppa ber om det, eller når minst 2/5 av medlemene ber om det.

3. Alle medlemene i Fitjar Arbeidarparti har tale, framlegg- og røysterett.

4. Når medlemsmøtet handsamar kommunale saker, skal kommunestyregruppa fremja innstilling i den enkelte saka.

§5 Styret

1. Styret i Fitjar Arbeidarparti er sett saman av 5 medlemar. Blant desse er leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og kvinnekontakt.

2. AUF i kommunen tiltrer styret med eit medlem som har tale, framlegg- og røysterett. Der det er fleire AUF-lag i kommunen, vel ein AUF sin representant på eit felles styremøte.

3. Styret i partiet skal leia partiarbeidet i kommunen og sikra ein god kontakt mellom partiet sine kommunegrupper og partiavdelingane. Leiaren i kommunestyregruppa skal ta del i styremøta i partiet.

§6 Nominasjon til kommunestyreval

1. Styret i fylkespartiet fastset tidsfristar for nominasjonsprosessen føre kommunestyreval.
2. Medlemsmøtet vel ein nominasjonskomitè på minst fem medlemar etter framlegg frå styret.
3. Styret ber medlemane innan ein fastsett frist om å senda framlegg til nominasjonskomitèen på medlemar dei ynskjer nominert.
4. Nominasjonskomitèen lagar eit førebels framlegg til liste som vert lagt fram for medlemsmøtet. Framlegg til liste skal ha framlegg til ordførar og varaordførar. Medlemane/partiavdelingane skal innan ein nærare fastsatt frist senda endringsframlegg til nominasjonskomiteen.
5. Medlemsmøtet vedtek den endelege nominasjonen på eit eige nominasjonsmøte. Nominasjonskomitèen legg fram sitt endelege framlegg til liste. Før medlemsmøtet tar fatt på sjølve nominasjonen, fastset nominasjonsmøtet kor mange som skal uthevast. Nominasjonsmøtet nominerer først ordførarkandidat og varaordførarkandidat
6. Kommunevalprogrammet til partiet må handsamast før nominasjonane finn stad.
7. Fitjar Arbeidarparti sine kandidatar til offentlege tillitsverv skal opplysa partiet og offentlege register om alle sine eigarinteresser og styreverv.

§7 Kommunestyregruppa

1. Styret i kommunepartiet skal straks etter eit kommunestyreval kalla inn partiet sine representantar i det nye kommunestyret til eit felles møte med styret i partiet for å konstituera kommunestyregruppa.
2. Styret i partiet og gruppestyret kjem i fellesskap med framlegg på kandidatar til formannskapet og andre kommunale styre, utval og råd.
3. Styret i partiet gjev fullmakt til ein forhandlingsdelegasjon som på vegne av kommunepartiet skal forhandla fram posisjonar før konstituering av kommunestyret. Partiet sin ordførarkandidat skal vera ein del av forhandlingsdelegasjonen.
4. Kommunestyregruppa skal i samarbeid med styret arbeida etter partiet sitt program, vedtekter og vedtak.
5. Gruppa må halda møte så ofte det er naudsynt og skal før møte i kommunestyret gå gjennom saklista. Styreleiar i partiet har tale- framleggs- og røysterett i gruppa.
6. Vedtak i kommunestyregruppa eller i partiet sitt styre er bindande. Ynskjer nokon å stå fritt i høve til slike vedtak, må kommunestyregruppa eller styret i partiet avgjera dette.
7. Den som har personlege eller familiære interesser i ei sak som vert handsama i partiet sine organ eller i kommunestyregruppa m.v.er å sjå som ugild og kan dermed ikkje ta del i handsaminga av saka.
8. Kommunale saker skal handsamast av medlemsmøtet når kommunestyregruppa ber om det, når eit fleirtal i kommunestyregruppa krev det, når styret i partiet vedtek det, eller når medlemsmøtet ber om det.

§8 Revisjon

1. Årsmøtet vel revisor med vararevisor. Revisor reviderer rekneskapet og lagar revisjonsmelding til årsmøtet og fylkespartiet.

§9 Kontingenten

1. Kommunepartia sin del av kontingenten vert fastsett av landsmøtet.

§10 Vedtekter

1. Vedtektene for Fitjar Arbeidarparti vert vedtekne av årsmøtet. Dei skal byggja på Arbeiderpartiet sine vedtekter og retningsliner og må ikkje vera i strid med desse. Vedtektene må godkjennast av styret i Hordaland Arbeiderparti.
2. Ved oppløysing av Fitjar Arbeidarparti skal våre eigenlutar tilfalla Hordaland Arbeiderparti.

§ 11 Rådgjevande uravrøysting

1. Medlemsmøtet kan vedta å søkja råd i viktige politiske og organisatoriske saker i form av rådgjevande uravrøysting blant partiet sine medlemar.

§12 Kvinnekontakt på kommunenivå

1. Fitjar Arbeidarparti skal ha kvinnekontakt.

05.09.2016 Godkjent med merknader av Hordaland Arbeiderparti.

10.11.2016 Godkjent på omframt årsmøte i Fitjar Arbeidarparti.

02/03/2020 Endra på årsmøtet i Fitjar AP